

Ørskog historielag:

## STOR DELTAKING PÅ BYGDEVANDRINGA

Årets bygdevandring i regi av Ørskog historielag fann stad sist søndag 25. mai.

Over 60 personar møtte på startpunktet på Valgermo. Vi vandra saman frå Valgermo om Nakken til Giskemo og vidare derifrå til Vallbøane.

Turen vart innhaldsrik og tok om lag tre timar. Historielaget vil gjennom avisa få rette ei stor takk til alle som har planlagt, førebudd seg og som gjennomførte ei vandring vi kan vere stolte av.

Sentrale personar har vore/var: Jarle Erstad (planlegging), Tore Gjære, Oddny Lise Nakken, Kjersti Klokkehaug Fjørtoft, Jorunn Giskemo, Arvid Valbø og Magne Valbø. I tillegg kjem fleire andre medhjelparar – ikkje minst lydmannen vår Terje Misund. Alle var godt førebudde og ga oss mange og interessante opplysningar og historier knytta til gardane og busetnaden langs ruta. Undervegs fekk vi også servering – nysteikte vaflar frå familien Kavli på Nakken og kjeiks og kaffi hos familien Fjørtoft i Sersjantgarden. Vi fekk glimt av kolonihagen, Giskemosaga og utførleg orientering om busetnaden på Giskemo før siste utskifting/utflytting for nokre tiår attende. Fleire av forteljarane tok oss hundreår tilbake og ga oss historiske slektsglimt og andre verdfulle opplysningar. På Vallbøen fekk vi vite meir om Ole Dreng sitt livsverk knytta til kanalen frå Giskemo og utover Vallbøane. Mest 600 meter kanal, greven for hand, steinsett og i dag eit skikkeleg kulturminne. 26. mai 1763 vart Elling Olson Walbøe fødd i Pettergarden på Vallbø. Han representerte Romsdals Amt på Eidsvoll i 1814 som einaste utsending frå Sunnmøre. Eg synest personleg at vi i Ørskog burde få markert fødestaden til denne mannen. Ein minnestein og tilvisingsskilt burde vere råd å få på plass! Til slutt ei takk til alle som møtte opp og tok del på vandringa. Kombinasjonen, historisk vandring, frisk luft og sosialt samvær gjer at desse arrangementa er flotte tiltak i nærmiljøet. Vi blir betre kjende med kvarandre og den bygda vi bur i! Takk for laget denne gongen og vel møtt til neste bygdevandring!

Ragnar Bakken – sekr ØH -